



Landbruksplan ÅLA

2026-2029

-med handlingsplan



Godkjend

Årdal kommunestyre: 12.februar 2026

Lærdal kommunestyre: 5.februar 2026

Aurland kommunestyre: 12. februar 2026

Innhald

1. Innleiing	2
1.1.Bakgrunn	2
1.2.Formål.....	2
1.3.Prosess	2
2. Aktuelle planar og reglar.....	3
3. Om landbruket i ÅLA	4
3.1 Generelle utviklingstrekk i landbruket	4
3.2 Husdyrhaldet.....	6
3.3 Skogbruksressursar	8
3.4 Utmarksressursar	9
3.5 Økologisk landbruk	10
3.6 Spesielle utviklingstrekk.....	10
Årdal.....	10
Lærdal.....	10
Aurland.....	12
5. Løyvingar i tråd med tidlegare landbruksplanar.....	14
Årdal kommune.....	14
Lærdal kommune.....	14
Aurland kommune.....	14
6. Mål for landbruket	15
Prioriterte satsingsområde – tiltak som kan få støtte i Årdal kommune og Lærdal kommune	17
Prioriterte satsingsområde – tiltak som kan få støtte i Aurland kommune	19
8. Handlingsplan for Felles Landbrukskontor ÅLA	21

Framsidedfoto:

Kulturlandskap med beitedyr, Kvam i Aurland kommune. Foto Magnhild Aspevik

Foto i dokumentet er eigd av Felles Landbrukskontor ÅLA der ikkje anna er oppgjeve.

1. Innleiing

1.1.Bakgrunn

Landbruksplan ÅLA 2023-2025 ligg til grunn for den reviderte planen. I utarbeiding av planen i 2022, vart det gjort eit godt og grundig arbeid med fleire møteplassar og gode drøftingar saman med representantar frå næringa i dei tre kommunane, og landbruksforvaltinga. Revidert landbruksplan, som er den tredje i rekka, gjeld for åra 2026, 2027 og 2028.

1.2.Formål

Landbruksplan ÅLA 2026-2029 har som formål å setja fokus på landbruket sin plass i kommunane framover i tid. Planen skal stimulera til utvikling og vekst ved å auka fokuset på verkemiddel som er viktige for å ivareta dei etablerte tradisjonelle produksjonane. Samstundes som det blir opna for å stimulere til satsing innan nye produksjonar og tiltak gjennom det kommunale verkemiddelapparatet. Det er eit mål at landbruket som næring blir likestilt med anna kommunal næringsverksemd i forhold til økonomiske verkemiddel. Dette er viktig for å styrke eit mangfald i næringa, og gjere den lokale landbruksnæringa meir robust. Aktivt landbruk er òg viktig for samfunnsutviklinga i dei tre kommunane.

1.3.Prosess

Plandokumentet som er revidert, er utforma med stor grad av medverknad frå næringa. I revisjonsarbeidet har planen vore på høyring til aktuelle høyringspartar. I høyringsrunden er det kome inn 3 innspel, og det er halde 2 innspelsmøter der det kom inn mange gode innspel. I revidert plan, er alle innspel vurdert, og nokre innarbeida i revidert plan.

Det har vore viktig å involvere representantar frå næringa sjølv i dette arbeidet, slik at planen får den forankringa som er avgjerande for å sikre at måla i planen er oppnåelege. Planarbeidet i seg sjølv får ein tilleggsverdi, ved at representantar for næringa og organisasjonane har engasjert seg i arbeidet med planen.

2. Aktuelle planar og reglar

Nasjonale og overordna føringar ligg i stor grad til grunn for utvikling og drift av landbruket i heile landet. Mange ulike lover og ordningar spelar inn her, og vil påverke situasjonen for landbruksnæringa generelt.

Dei tre ÅLA-kommunane har ulike kommunale planar og strategiar som har innverknad på landbruket sin aktivitet. Desse vert lagt til grunn for utvikling og forvaltning av landbruksnæringa i ÅLA-kommunane. I tillegg kjem regionale og nasjonale planar, strategiar, lovverk og andre føringar for landbruksdrift.

Landbruksplan for ÅLA-kommunane skal vere ein plan som samordnar bruk av lokale verkemiddel, so langt det let seg gjere innanfor handlingsrommet kvar kommune har.



Kulturlandskap Naddvik i Årdal



Vår på Hjødlo i Underdal

3. Om landbruket i ÅLA

Landbruksnæringa i dei tre kommunane er grunnlaget for å oppretthalde eit levande jordbrukslandskap, liv i bygdene og lokalsamfunnet. Landbruket produserer mat samstundes som det opprettheld det opne og vakre jordbrukslandskapet som er viktig for dei som bur her, for næringslivet, for dei som kjem på besøk til oss og ikkje minst, for kommande generasjonar.

Matproduksjonen er tufta på det rike naturgrunnlaget, gode klimatiske forhold, og eit rikt biologisk mangfald.

3.1 Generelle utviklingstrekk i landbruket

Dei tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har varierende og ulike landbruksproduksjon. Årdal er den minste landbrukskommunen, her er det nokre aktive sauebruk og eit bruk med storfe og geit. I Lærdal er grøntnæringa sterk, i tillegg til eit aktivt husdyrhald. I Aurland er det småfehald med sau og geit som er dominerande.

Tabellen under syner endringar i tal søknadar om produksjonstillegg og tal areal i drift.

PT-910 JORDBRUKSAREAL I DRIFT OG ANTAL SØKJARAR										
	2017		2021		2024		Endring 2017-2024			
	areal i dekar	tal søkjarar	areal dekar	tal søkjarar	areal i dekar	tal søkjarar	daa endring	tal endring søkjara	%-vis endring daa	%-vis endring søkjarar
Landet	9 822 634	38 750	9 832 946	36 674	9 859 127	37 267	36 493	-1483	0,4	-3,8
Årdal	1 263	10	1101	6	1273	6	10	-4	0,8	-40
Lærdal	12 791	96	12977	98	13224	97	433	1	3,4	1
Aurland	7 477	61	7 285	61	7759	62	282	1	3,8	1,6

Kjelde er søknad om produksjonstillegg i jordbruket.

Merknad: Endring tal Lærdal skuldast truleg endra markslag og endring i jordbruksareal som søkjer om PT



Killing i Årdal



Bie & Honning i Lærdal



Topografien i kommunane er varierende. Det er tronge dalar med store høgfjellsplatå og fjellvidder. I dalane er det gode lokalklimatiske forhold til å driva med jordbruksproduksjon. Fjellsidene og fjellviddene har fantastiske beiteforhald til beitedyr. Det ligg soleis godt til rette for å produsera mat i desse tre kommunane.

Jordbrukslandskapet syner òg at naturressursane har vore utnytta i mange generasjonar. Funn av kulturminne og element i jordbruket sitt kulturlandskap, har mange prov på det.

Gulrot, Raa i Lærdal

Alle tre kommunane har verneområde med nasjonalt viktige natur- og kulturmiljø. Store areal i kommunane er underlagt verneforskrift. Dette gjeld fylgjande område:

Årdal

Utladalen landskapsvernområde, Jotunheimen nasjonalpark, Lykkja naturreservat (skog) og Kvitingsmorki naturreservat (skog).

Lærdal

Bermålsnosi naturreservat (skog), Berdalen naturreservat (skog), Husum naturreservat (edellauvskog), Hellenen naturreservat (skog), Bleia naturreservat, Bleia og Storebotn landskapsvernområde og Frønningen naturreservat (skog).

Aurland

Bleia og Storebotn landskapsvernområde, Nærøyfjorden landskapsvernområde, Norheimsdalen Naturreservat, Geitanosi naturreservat (skog), Grånosmyrane naturreservat og Hallingskarvet nasjonalpark.

Nokre av desse verneområda i Lærdal og i Aurland, er ein del av UNESCO-område Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden.

3.2 Husdyrhaldet

Tal henta frå søknader om produksjonstillegg i jordbruket (Landbruksdirektoratet) syner utviklinga innan husdyrhaldet i dei tre kommunane.

PT-900 MJØLKEPRODUKSJON KYR										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% endring 2017-2024	
	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr	TAL BRUK	TAL Mj.kyr
Lærdal	10	170	8	167	7	146	-3	-24	-30	-14,1
Aurland	4	38	3	39	3	32	-1	-6	-25	-15,8

Årdal har ikkje registrert produksjon i denne kategorien

PT-900 AMMEKYR										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% endring 2017-2024	
	TAL BRUK	TAL A.kyr	TAL BRUK	TAL A.kyr	TAL BRUK	TAL A.kyr	TAL BRUK	TAL A.kyr	TAL BRUK	TAL A.kyr
Lærdal	5	42	4	61	6	81	1	39	20	92,9
Aurland	3	46	12	156	12	220	9	174	300	378,3

Årdal har ikkje registrert produksjon i denne kategorien, I 2024, men har fått i 2025

PT-900 MJØLKEPRODUKSJON GEIT :										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% endring 2017-2024	
	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit	TAL BRUK	TAL Mj.geit
Lærdal	2	231	2	241	2	236	0	5	0	2,2
Aurland	12	1388	12	1353	11	1318	-1	-70	-8,3	-5

PT-900 AMMEGEIT :										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% endring 2017-2024	
	TAL BRUK	TAL A.geit	TAL BRUK	TAL A.geit	TAL BRUK	TAL A.geit	TAL BRUK	TAL A.geit	TAL BRUK	TAL A.geit
Lærdal	3	21	2	12	2	9	-1	-12	-33	-57
Aurland	4	30	5	50	9	124	5	94	125	313
Årdal					1	12				

PT-900 TAL SØYER:										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% endring 2017-2024	
	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer	TAL BRUK	TAL Søyer
Årdal	7	613	5	573	5	541	-2	-72	-28,6	-11,7
Lærdal	51	3444	51	3316	49	3505	-2	61	-3,9	1,8
Aurland	41	2136	38	2020	41	2060	0	-76	0	-3,6



PRODUSERT LITER MJØLK								
	2015		2019		2024		% endring 2015-2024	
	Kyr	Geit	Kyr	Geit	Kyr	Geit	Kyr	Geit
LÆRDAL	1 195 822	159 241	938 317	160 555	1 115 199	160 103	-6,7	0,5
AURLAND	231 695	627 641	203 682	653 353	162 976	636 008	-29,7	1,3

Kjelde: Landbruksdirektoratet 21.05.2025

3.3 Skogbruksressursar



Valbjørk i Seimsdalen

Skogen i dei tre kommunane er ein viktig ressurs som i dag vert lite utnytta. Den mest verdfulle skogen ligg vanskeleg tilgjengeleg i bratt terreng utan vegtilkomst. Statlege og kommunale midlar kan her bidra til bygging av veg, slik at nye skogområde kan gjerast økonomisk drivverdige.

Fleire landbrukseigedomar har både lauv- og barskogressursar av høg verdi, som kan utnyttast for å skapa inntekt på eigedomen.

Furuskogen i Indre Sogn er og kjent for sin høge kvalitet. Dei viktigaste områda er i Indre- og Ytre Offerdal i Årdal kommune, Frønningen, Strendene i Lærdal kommune, og Vikeslandområde i Aurland kommune. Seimsdalen i Årdal kommune har og ein del barskog.

Dei snøfattige områda i kommunane er godt eigna til produksjon av ulike lauvtreslag. Denne produksjonen kan kombinerast med husdyrbeite.

3.4 Utmarksressursar

Kommunane har store utmarksareal som er godt eigna for jakt og fiske. Det er mange elvar og fiskevatn, både i privat eiga og i statsallmenningar. Hjortebestanden er aukande, og det er innslag av både elg og rådyr. Alle desse tre hjortedyra er jaktbare ressursar som kan utnyttast av grunneigar for å auka næringsgrunnlag på landbrukseigedomane. Tabellen under syner utvikling i felte dyr under ordinær jakt. Statistikken syner auke i uttak. Auken er spesielt stor i 2017.

	FELTE DYR 2017		FELTE DYR 2021		FELTE DYR 2024		
	Elg	Hjort	Elg	Hjort	Elg	Hjort	Rådyr
Årdal	4	177	1	230	0	206	3
Lærdal	9	785	7	532	2	415	0
Aurland	10	234	7	262	4	278	0
Samla	23	1196	15	1024	6	899	3

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA



Regulering av hjortebestanden er eit kommunalt ansvar som vert styrt av godkjende bestandsplanar og forskrifter for minsteareal. Viltfondet har midlar som kan bidra til tiltak som styrkar forvaltning av hjorteviltbestanden.

Fiskeressursane i dei tre kommunane er betydeleg, med fiske av både anadrom laksefisk og anna fisk i elvar og fjellvatn. Dette er ressursar som kan utnyttast for å skapa næringsgrunnlag på landbrukseigedomane. Ulike tiltak og aktivitetar bidreg her positivt til å sikre god framtidig forvaltning av fiskebestandane.

Utmarksområda i kommunane har rikeleg med beiteområde for husdyr. For å synleggjere denne ressursen, er viktige beiteområde i kommunane registrert i eige prosjekt.

3.5 Økologisk landbruk

Det er nokre bruk som driv økologisk. Tal henta frå søknad om produksjonstillegg syner at det er 9 bruk som driv økologisk i Aurland, og 6 bruk som driv økologisk i Lærdal. Årdal har ingen bruk som driv økologisk.

Sogn Jord og Hagebruksskule underviser i økologisk landbruk, og gardsdrifta her er økologisk. Dette er eit grunnlag for god lokal kompetanse innan økologisk landbruk.

3.6 Spesielle utviklingstrekk

Årdal

Utvikling av industrien i Årdal, har ført til at landbruket har måtta vika. Difor har landbruket i Årdal kommune eit relativt lite omfang. Likevel er det eit viktig og aktivt landbruk i deler av kommunen. Det er fleire bruk med sauehald i Naddvik, Seimsdalen og i Indre Offerdal. I tillegg er det nyleg etablert eit husdyr bruk i Fardalen. Landbruksarealet i kommunen er best eigna til å produsera grovfôr. I enkelte deler av kommunen er det og areal som kan nyttast til frukt- og bær dyrking. Kommunen har store og viktige utmarksressursar.

PT-912 TAL DEKAR OG SØKERE MED DE ULIKE VEKSTGRUPPENE										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		%vis endring 2017-2024	
	TAL DEKAR	TAL søklarar	TAL DEKAR	TAL Søklarar	TAL DEKAR	TAL Søklarar	TAL DEKAR	TAL søklarar	TAL DEKAR	TAL søklarar
Grovfôr	1 249	10	1 101	6	1273	7	24	-3	1,9	-30
Korn	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Potet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Grønsaker	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Frukt og bær	14	2	13	1	7	1	-7	-1	-50	-50

Lærdal

Dei klimatiske forholda i dalen, gjer den godt eigna til å dyrka frukt, bær, potet og grønsaker. Dette gjev grunnlaget for at bøndene satsar på frukt- og grøntnæringa. I tillegg har kommunen eit aktivt husdyrmiljø med sauehald, mjølkeproduksjon (kyr og geit) og gris. Det meste av det dyrka arealet i Lærdal vert halde i god hevd. Lite nedbør fører til at det meste av arealet som vert nytta til jordbruksføremål, treng kunstig vatning for å få gode avlingar. Klimaet gjer òg at det er svært lite snø om vinteren. Dei klimatiske forholda og den lettdrivne sandjorda me finn i store deler av Lærdal, gjev lærdalsbonden høve til å starta våronna tidlegare enn elles i distriktet. Tidlegproduksjon av poteter og grønsaker har soleis eit betydeleg omfang.


PT-912 ANTALL DEKAR OG SØKERE MED DE ULIKE VEKSTGRUPPENE										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% -vis endring 2017-2024	
	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar
Grovfôr	10 868	84	11 014	87	11150	86	282	2	2,6	2,4
Korn	87	2	106	3	86	2	-2	0	-1,1	0
Potet	810	25	830	24	921	23	111	-2	13,7	-8
Grønsaker	298	10	400	17	392	18	94	8	31,5	80
Frukt og bær	687	41	612	53	653	53	-34	12	-4,9	29,3

Sogn Frukt og Grønt SA

Frukt- og grøntprodusentane i Lærdal slo seg saman og danna Lærdal Grønt SA i 1999. Frå desember 2020 vart Lærdal Grønt og Sognefrukt slegne saman til eit selskap – Sogn Frukt og Grønt SA. Dette vart gjort for å utvida og utvikla samarbeidet mellom frukt og grøntprodusentane i Sogn. Sogn Frukt og Grønt BA har i 2022 opna nytt, moderne og framtidretta pakkeri på Håbakken i Lærdal. Utviding av samarbeid i grøntmiljøet, er svært viktig for bøndene sin vidare grøntproduksjon både i våre kommunar og i Sogn.



Produksjon i 2024



Aurland

Dei topografiske forholda i Aurland gjev landbruket eit anna preg enn i Årdal og Lærdal. Aurland har meir landbruk i dalsidene og i heller bratt terreng. Det meste av landbruket er basert på småfehald (sau og geit), der nær innmark og utmark er viktig for drifta på gardane. Det er og noko mjølkeproduksjon frå ku. Frukt- og bær dyrking har ikkje stor utbreiing, sjølv om det er område i kommunen som er godt eigna til denne produksjonen.

Produksjon av lokal mat, særleg osteproduksjon frå geit, har eit bra og viktig omfang i kommunen.

Fleire gardsbruk i kommunen har og tilleggsinntekter frå turistar. Reiselivsnæringa er og ein viktig aktør i omsetning av lokal produsert mat.

PT-912 ANTALL DEKAR OG SØKERE MED DE ULIKE VEKSTGRUPPENE										
	2017		2021		2024		Tal endring 2017-2024		% -vis endring 2017-2024	
	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar	TAL DEKAR	TAL søkjarar
Grovfôr	7 383	61	7 210	61	7679	61	296	0	4	0
Korn	37	2	5	1	5	1	-32	-1	-86,5	-50
Potet	3	1	5	1	5	1	2	0	40	0
Grønsaker	11	1	15	1	15	1	4	0	36,4	0
Frukt og bær	41	5	45	9	54	9	13	4	31,7	80



5. Løyvingar i tråd med tidlegare landbruksplanar

Tabellane under syner midlar som har vorte løyvd i tråd med landbruksplanen i perioden frå 2020 til og med 2025.

Årdal kommune

År	Eigedom		Samla løyving
2022	100000		100000
2023	60000		60000
Sum	160000		160000

Lærdal kommune

År	Driftsbygning	Eigedom	Nydyrking	Landbruksveg	Frukt og bær	Anna	Samla løyving
2020		400000	170000		29700		599700
2021	277740	200000	65000				542740
2022	261400		134500	14200			410100
2023		120000					120000
2024	214006	120000	78000	126400	129400		667806
2025	133700	120000	33000		72200	72220	431120
Sum	886846	960000	480500	140600	231300	72220	2771466

Aurland kommune

År	Mjølke-kvote	Drifts-bygning	Eigedom	Nydyrking	Landbruks-veg	Frukt og bær	Tilleggs-næring	
2020		235000	50000	10000				295000
2021			50000	220000		150000		420000
2022		250000			21720		15000	286720
2023		250000					108000	358000
2024	56000		60000	110000		73500	616052	915552
2025	150000	783000						933000
Sum	206000	1518000	160000	340000	21720	223500	739052	3208272

6. Mål for landbruket

Overordna mål

- Ta vare på jordressursane (jord og areal)
- Auka lønsemd og verdiskaping innan landbruket i kommunane
 - Oppretthalda talet på produsentar
- **Det grønne skiftet med klimavenleg landbruk** skal prega utviklinga av landbruksnæringa
- FN sine berekraftsmål skal leggest til grunn for utviklinga av landbruket

Mål for grønt næringa

- Auka verdien av eksisterande produksjonar
- Oppretthalda tal bruk
- Auka produksjon av grønsaker, potet, frukt og bær

Mål for husdyrhaldet

- Behalda vår del av produksjonen
- Sterkare kontroll av verdikjeda
- Oppretthalda tal bruk
- Auka mjølkeproduksjonen
- Auka beitebruk

Mål for tilleggsnæringar

Målet er å styrka det totale driftsgrunnlaget på landbrukseigedomane, ved t.d. å legga til rette for auka verdiskaping knytt til jakt- og fiskeressursane, utnytta mogelegheitene innanfor reiselivet og eit auka fokus på profilering og bruk av lokal mat.

7. Prioriterte satsingsområde – vilkår og verkemiddelbruk

I arbeidet med planen har næringa vore med å utarbeida framlegg til satsingsområde. Innspela er vurderte og innarbeidde i prioritering av satsingsområde.

Verkemiddelapparatet må stimulera til samarbeidsprosjekt som kan koma fleire aktørar og næringa som heilskap til gode. Det må samstundes vera fleksibilitet i tilskotsordningane, slik at alle gode prosjekt som fremjar måla i planen kan støttast.

Vilkår for å søkja om støtte til omtala tiltak er at det er **aktiv drift på landbrukseigedomen og at søkjar har rett på produksjonstillegg.**

Søknad om støtte frå kommunen, må vere sendt inn før omsøkt tiltak vert starta opp.

Med unntak av tilskot til eigedomsoverdraging, nydyrking og kjøp av mjølkekvote. For søknad om tilskot til nydyrking og av kjøp av mjølkekvote, skal søknad sendast inn når dyrkingsprosjekt er ferdig og når det ligg føre inngått avtale om kjøp av mjølkekvote.

Tiltak som legg til rette for eit meir miljøvenleg og klimatilpassa landbruk – **«det grøne skifte»** – skal prioriterast ved tildeling av tilskot.

Sakshandsaming – handsaming av søknadar

Kvar kommune sine reglar (med mellom anna søknadsskjema, søknadsfristar og rutinar) for bruk av lokale midlar vert lagt til grunn for tildeling av støtte til landbruket. **Løyvingar må vera innanfor fastsett budsjett i kvar kommune.**

Dersom omsøkt tiltak krev løyve/godkjenning frå offentleg myndigheit, er søkjar sjølv ansvarleg for å ordna dette. Døme på slikt løyve er byggjeløyve, godkjenning av plan for nydyrking, godkjenning av landbruksveg. Løyve/godkjenning må vera gjeve, før søknad om støtte vert handsama.

Før søknad vert sendt inn, skal Felles Landbrukskontor ÅLA eller næringsapparatet i den aktuelle kommunen kontaktast.

Godkjend sats for eige manuelt arbeid skal fylgja Innovasjon Norge sine satsar for landbruk.

Prioriterte satsingsområde – tiltak som kan få støtte i Årdal kommune og Lærdal kommune

Kommunane kan gje støtte til fylgjande **prioriterte satsingsområde (tiltak):**

-tilskot utrekna til under kr 10.000 vert ikkje handsama

Tiltak	Tilskot	Vilkår
Kjøp av mjølkekvote	Inn til 40% av kostnad med kjøp av mjølkekvote. Max tilskot pr søknad: Kr 300.000	Utbetalt tilskot skal betalast attende dersom tilskotsmottakar sel kvoten innan 5 år frå kvoten vart kjøpt. Søke tilskot når det er innvilga løyve til kjøp av mjølkekvote.
Investeringar i driftsapparatet som ikkje er vedlikehald: T.d.: -bygningar som vert nytta i gardsdrifta (driftsbygning til husdyr, förlager, gjødsellager, lager for frukt og bær) -elektronisk hjelpemiddel/robot -spesialutstyr -vatningsanlegg -drenering	Inn til 35% av godkjend kostnad Max tilskot pr søknad: Kr 300.000	Tiltak som mottek tilskot skal vere i tråd med offentleg krav og vilkår Når søkjar ikkje kan lastast for at driftsapparatet ikkje har vorte vedlikehalde, kan det lempast på dette kravet
Eigedomsoverdraging	Inn til 30% tilskot til kostnad med overtaking av landbrukseigedom i samband med ny eigar på gardsbruk. Tilskot per eigedomsoverdraging er max kr 100.000	Støttmottakar må personleg bu- og driva eigedomen i minst 5 år for å få slik støtte, etter at tilskot er gjeve. Ordninga gjeld i inn til fem år etter overtakingsdato.
Nydyrking	10.000 pr daa for areal som har godkjend <i>Plan for nydyrking</i> .	Omsøkt areal må haldast i hevd med aktivt jordbruksproduksjon i minst 5 år. Søke tilskot etter godkjenning av areal.

Landbruksvegar	Inn til 20% tilskot av godkjend kostnad til landbruksvegar som skal nyttast til tilkomst til beite, eller uttak av skogsvirke.	Vegklasse: 8 eller betre. Landbruksvegar som får statsstøtte har ikkje rett på kommunale midlar. For å få utbetalt løyvde midlar, skal det liggja føre godkjent rekneskap.
Dyrking av frukt og bær -nyplanting -replanting av eldre fruktfelt -dekkesystem -hjortegjerde	Inn til 40% av godkjend kostnad. Maks tak for offentleg midlar pr prosjekt, er inn til 40% tilskot	Auka verdiskaping på gardsbruket. Prosjekt som får støtte frå Innovasjon Norge, kan få kommunale støtte i tillegg.
Tilleggsnæring – «Garden som ressurs» –som til dømes oppleving, reiseliv, lokal mat	Vert handsama etter gjeldande reglar i kvar enkelt kommune	Auka verdiskaping på gardsbruket.
Kompetanseheving	Inn til 50% av kostnad med kurs og anna kompetanseheving. Maks sum pr. søknad kr 30 000	Det må liggja føre rapport og rekneskap før løyvde midlar vert utbetalt.
Omlegging til Økologisk drift	Kr 20 000 fyrste året av omleggingsperioden Kr 20 000 ved DEBIO-godkjenning	Drifta må vera DEBIO-godkjenning i minst 5 år. Elles kan tilskotet trekkast tilbake.
Driftsplanlegging og rådgjeving i samband med utviding og endra drift på landbrukseigedomen	Inn til 50% av godkjend kostnad. Max kr 30.000 pr søkjar	Det må liggja føre rapport og rekneskap før løyvde midlar vert utbetalt
Mentor -til ny brukar eller ved omlegging til anna drift på gardsbruket	Kr 20.000 pr søkjar Lågterskeltilbod for å sikre og styrke vidare drift på landbrukseigedomen, både med tanke på kompetanseheving, lokalkunnskap og psykisk helse.	Rapport når oppdraget er utført.

Prioriterte satsingsområde – tiltak som kan få støtte i Aurland kommune

Kommunen kan gje støtte til fylgjande **prioriterte satsingsområde (tiltak):**

-tilskot utrekna til under kr 10.000 vert ikkje handsama

Tiltak	Tilskot	Vilkår
Kjøp av mjølkekvotar	Inn til 40% av kostnad med kjøp av mjølkekvote. Max tilskot pr søknad: Kr 300.000	Utbetalt tilskot skal betalast attende dersom tilskotsmottakar sel kvoten innan 5 år frå kvoten vart kjøpt. Søke tilskot når det er innvilga løyve til kjøp av mjølkekvote.
Investeringar i driftsapparatet som ikkje er vedlikehald: T.d.: -bygningar som vert nytta i gardsdrifta (driftsbygning til husdyr, fôrlager, gjødsellager, lager for frukt og bær) -elektronisk hjelpemiddel/robot -spesialutstyr -vatningsanlegg -drenering	Inn til 20% av godkjend kostnad Max tilskot pr søknad: Kr 300.000	Tiltak som mottek tilskot skal vere i tråd med offentlig krav og vilkår Når søkjar ikkje kan lastast for at driftsapparatet ikkje har vorte vedlikehalde, kan det lempast på dette kravet
Eigedomsoverdraging	Inn til 30% tilskot til kostnad med overtaking av landbrukseigedom i samband med ny eigar på gardsbruk. Tilskot per eigedomsoverdraging er max kr 100.000	Støttmottakar må personleg bu- og driva eigedomen i minst 5 år for å få slik støtte, etter at tilskot er gjeve. Ordninga gjeld i inn til fem år etter overtakingsdato.
Nydyrking	10.000 pr daa for areal som har godkjend <i>Plan for nydyrking</i> .	Omsøkt areal må haldast i hevd med aktivt jordbruksproduksjon i minst 5 år. Søke tilskot etter godkjenning av areal.

Landbruksvegar	Inn til 20% tilskot av godkjend kostnad til landbruksvegar som skal nyttast til tilkomst til beite, eller uttak av skogsvirke.	Vegklasse: 8 eller betre. Landbruksvegar som får statsstøtte har ikkje rett på kommunale midlar. For å få utbetalt løyvde midlar, skal det liggja føre godkjent rekneskap.
Dyrking av frukt og bær -nyplanting -replanting av eldre fruktfelt -dekkesystem -hjortegjerde	Inn til 40% av godkjend kostnad. Maks tak for offentleg midlar pr prosjekt, er inn til 40% tilskot	Auka verdiskaping på gardsbruket. Prosjekt som får støtte frå Innovasjon Norge, kan få kommunale støtte i tillegg.
Tilleggsnæring – «Garden som ressurs» –som til dømes oppleving, reiseliv, lokal mat	Vert handsama etter gjeldande reglar i kvar enkelt kommune	Auka verdiskaping på gardsbruket.
Omlegging til Økologisk drift	Kr 20 000 fyrste året av omleggingsperioden Kr 20 000 ved DEBIO-godkjenning	Drifta må vera DEBIO-godkjenning i minst 5 år. Elles kan tilskotet trekkast tilbake.
Driftsplanlegging og rådgjeving i samband med utviding og endra drift på landbrukseigedomen	Inn til 50% av godkjend kostnad. Max kr 20.000 pr søkjar	Det må liggja føre rapport og rekneskap før løyvde midlar vert utbetalt

8. Handlingsplan for Felles Landbrukskontor ÅLA

Gjennomføring av måla i landbruksplanen vert i samarbeid med landbruksnæringa og andre aktuelle partar som til dømes regionale myndigheiter, Sogn Fukt og Grønt SA og Sogn Jord og hagebruksskule og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Landbrukskontoret har som mål å ha fokus på fylgjande aktivitetar i planperioden:

1. Arealbruk – jordvern, driveplikt, nydyrking
2. Rekruttering og mobilisering til landbruksnæringa
3. Møteplassar i og med landbruksnæringa, og andre aktuelle samarbeidspartar
4. Kompetanseheving og samhandling
5. Rådgjeving og informasjon
6. Delta i, og vere ein pådrivar i ÅLA-kommunane sitt planarbeid
7. Legga til rette for klimavenlege tiltak og klimasmarte løysingar i landbruket
8. Vere pådrivar for satsing og utvikling av lokal mat og drikke – naturbasert næringsutvikling

Det meste av dette arbeidet vert utført i ordinær drift. Ved behov eller ynskje frå landbruksnæringa kan det vera aktuelt å delta i prosjektarbeid i eigen regi eller saman med andre. Finansiering av ulike tiltak og prosjekt med søknadsskriving, skal vera fokus der det er aktuelt.